

Karmøy kommune
Postboks 167
4250 KOPERVIK

Dykkar referanse:

Dato: 10.11.2020
Saksnr.: 2020/60674
Dok.nr.: 9
Saksbehandlar:
Angunn Skeiseid

Karmøy kommune - gnr 50 bnr 33 mfl. - detaljregulering plan 1031 - utviding av Falnes kyrkjegard - varsel om oppstart. Fråsegn etter synfaring – behov for kulturhistorisk registrering, jf. Lov om kulturminne §9.

Rogaland fylkeskommune, seksjon for kulturarv har gjort ei første synfaring av det aktuelle området for å vurdere forholdet til automatisk freda kulturminne.

Etter gjennomført synfaring vurderer vi det slik at det vil vere naudsynt med kulturhistoriske registreringar innanfor deler av planområdet. Dette då det er potensial for tidlegare ikkje registrerte automatisk freda kulturminne under markoverflata. Vi vurderer potensialet for slike kulturminne som stort og det vil vere behov for nærare arkeologiske registreringar før vi kan komme med ein endeleg uttale til planen.

I det aktuelle området som består av utmark, vil ein gjere overflater registreringar og grave prøvestikk. Ved prøvestikking grev ein 50x50 cm (evt. 40X40 cm) hol med spade og graveskei ned i bakken så djupt som ein kjem. Massen blir sålda i vatn for å leite etter steinalderartefakter, som reiskapar og avfall av flint og liknande. Prøvestikka blir deretter fylt igjen med jord, eventuelt stein, og torva vil til slutt bli lagt tilbake på toppen. Vi vil også bruke gravemaskin for å dra nokre sjakter i einskilde deler av området.

Hensikta med den kulturhistoriske registreringa er å finne ut om det finst automatisk freda kulturminne, i form av bevarte aktivitets-/busetnadsspor frå forhistorisk tid, under dagens markoverflate og som kan komme i konflikt med planforslaget. Vi kan ikkje kreve å få utført registreringane før eit evt. planforslag vert lagt ut til offentleg ettersyn. Erfaring viser likevel at tiltakshavar har nytte av å få avklart om det finst eventuelle kulturminne i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen.

Kostnadene i samband med registreringane må, heimla i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9, jfr. § 10, betalast av tiltakshavar. Kostnadsoverslaget er vedlagt, og vi ber om skriftleg aksept på dette.

Det er rekna 15 dagar i felt for 2 personar, samt 10 dagar til etterarbeid. Kostnader til gravemaskin er teke med i budsjettet, men tiltakshavar har høve til å stille med dette sjølv, dersom ein ønsker det. Vi må i den samanhengen gjere merksam på at det i så tilfelle er tiltakshavar sitt ansvar også å skaffe alle naudsynte tillatingar og avtalar, eksemplvis

gravemeldingar for VA-leidningar, straum, telefon, arbeidsvarslingsplanar osv. Det er sett av 3 dagar til gravemaskin i felt, i tillegg er det sett av eit tilsvarande antal dagar til gjenlegging av sjaktene.

Når vi mottar kostnadsaksepten, samt stadfesting frå grunneigar/forpaktar om at det er akseptert at vi gjer inngrep i grunnen, kan vi starte arbeidet med å førebu og gjennomføre registreringane. Tiltakshavar må då ha gjort alle nødvendige avtalar med evt. grunneigarar og forpaktarar av området. Når kostnadsaksept og grunneigar-/forpaktaravtaler (skal sendast saman) er mottatt, vil det bli sendt ut brev når nærare oppstartstidspunkt for registreringa er sett. Vi gjer merksame på at det i brevet vårt om oppstartstidspunkt vil bli sett ein frist for avbestilling av registreringa. Dersom registreringa vert avbestilt etter denne fristen vil det føre til fakturering av dei utgiftene vi har fått, og vil kunne få, i tilknytning til registreringa.

Fakturering av kostnadene skjer normalt ved delfakturering av påløpte utgifter. Sluttfaktura, med avrekning, vil bli sendt når arbeidet inkludert rapport er ferdigstilt. Det er Rogaland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, som står for registreringane på oppdrag fra tiltakshavar. Vi vil orientere om at vi normalt ikkje utfører arkeologiske registreringar i perioden november-februar, og at vi prioriterer undersøkingar med tidlegare innkomne kostnadsoverslag. Vi ber om at dei kulturhistoriske registreringane vert bestilte i god tid før registreringane er ønska gjennomførte, og at fakturaadresse går fram av kostnadsaksept.

Krav om arkeologiske undersøkingar er heimla i Kulturminnelovens § 9, 1. ledd. Vi gjer merksame på at ein gjennom dette kostnadsoverslaget har tatt høgde for at deler av planområdet må undersøkast forholdsvis grundig, og at det kan komme fram ein del funn/strukturar som krev dokumentasjon. Dersom det viser seg at undergrunnsforholda er av ein slik karakter at det er lite sannsynleg at det finst bevarte busetnads-/aktivitetsspor fra forhistorisk tid i planområdet, vil omfanget av registreringa bli redusert - og dermed også kostnadene.

Vi gjer merksame på at Rogaland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, ikkje kan gi endeleg uttale før vi har fått høve til å gjennomføre kulturhistoriske registreringar, og forholdet til evt. automatisk freda kulturminne er avklart.

Helsing

Leif Håvard Lundø Vikshåland
leder (adm)

Angunn Skeiseid
rådgjevar

Vedlegg: budsjett, kulturhistorisk registrering

Kopi til:

Fylkesmannen i Rogaland

Dette dokumentet er elektronisk godkjent. Oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.